

Forenkla planprogram

– Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel

1. Bakgrunn

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt «politiske kompass», som skal vise kva kurs kommunen skal ha. Her definerer politikarane kva prioriterte mål dei har for utviklinga av Bremanger-samfunnet, og korleis vi skal leggje til rette for den ønska samfunnsutviklinga, utvikle tenestene våre og løyse oppgåvene vi står ovanfor. Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal leggje føringa for, og leggje til rette for utvikling av kommunen som ein attraktiv stad både å bu, besøke og drive næring i. Samfunnsdelen til kommuneplanen vart vedteken i 2021, og gjeld for perioden 2021-2033.

Det vart i kommunestyremøtet 8.mai, sak KST-018/25, gjort vedtak om at det skal startast rullering av samfunnsdelen til kommuneplanen hausten 2025. Dette er og teke inn i framlegg til Planstrategi for Bremanger kommune 2025-2026 som skal handsamast av kommunestyret hausten 2024. Arealdelen vart vedteken i 2024, og er ikkje planlagt rullert i planperioden.

Rullering av samfunnplanen vil i hovudsak omfatte:

- Revidering av arealstrategiane
- Justering av målstruktur

2. Mål

2.1 Effektmål

Kommuneplanen sin samfunnsdel er eit verktøy som bidreg til betre og meir heilskapleg planlegging for ei berekraftig samfunnsutvikling. Planen har fokus på samfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Samfunnsplanen sine mål, delmål og vegval dannar grunnlag for konkrete tiltak i økonomi og handlingsplan.

2.2 Resultatmål

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2037 er vedteke av kommunestyret innan 30.06.2026.

Hovudfokus i rulleringa er arealstrategiane og målstruktur.

3. Avgrensingar

Dei siste fire åra har vi gjort oss gode erfaringar med samfunnsdelen kommuneplanen . Det har vore jobba godt med forankring av innhaldet, og for ønska utvikling.

Likevel er det behov for å gjer endringar for å tilpasse planen kommunen sitt overordna plan- og styringssystem, med tettare kopling mot økonomi- og handlingsplan. Dette kan t.d. oppnåast gjennom å redusere tal delmål og vegval (strategiar) i dokumentet.

Sidan noverande samfunnsdel var vedtatt i 2021, er det kome nye overordna føringar til arealbruk, og vi må sjå til at våre arealstrategiar er i tråd med desse. Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet er under revidering, desse retningslinjene skal erstatte dagens statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

I 2023 kom ny utgåve av Nasjonale forventinga til regional og kommunal planlegging 2023 -2027. Her er det peika på viktige planutfordringar framover, som utfordringar med å nå berekraftsmåla om reduserte klimagassutslepp, ansvarleg forbruk, ressursbruk, bevaring av naturmangfald og mindre ulikskap innan 2030. Dette får konsekvensar for planlegging på kommunenivå og vi må tilpasse våre arealstrategiar til dei nye forventingane:

«Regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunane og kommunane bidreg til å fremje verdiskaping, nødvendig omstilling av økonomien, sikre busetjing i heile landet, redusere klimagassutslepp og tilpasse oss eit klima i endring, vareta natur, viktige friluftsområde og kulturmiljø, effektivisere energibruken, tilby likeverdige tenester, handtere demografiske endringar, motverke mangel på kompetanse og arbeidskraft og sikre gode, likestilte og trygge lokalsamfunn»

(Regjeringa, Nasjonale forventinga til regional og kommunal planlegging 2023 –2027,s.6)

Forventningane gir eit tydeleg signal om at arealplanlegginga skal bidra til mellom anna redusert arealbeslag, redusert nedbygging (særskilt av karbonrike areal), reduserte utslepp og auka grad av ombruk av areal. Dette er i tråd med prinsippet om arealnøytralitet/arealnøysomheit. Desse forholda må ein vurdere i rullering av arealstrategiane.

4. Organisering

Prosjekteigar (PE)	Kommunestyret
Styringsgruppe (SG)	Formannskapet
Prosjektansvarleg (PA)	Ordførar
Prosjektleiari (PL)	Kommunedirektør
Prosjektgruppe (PG)	Kommunalsjef samfunn og utvikling Driftssjef plan og forvaltning Arealplanleggjar

5. Planprosess, framdrift og medverknad

Aktivitet	Tid	Innhald/dokumentasjon	Ansvar
Varsel om oppstart og høyring av planprogram	September - oktober 2025	Vedtak i FSK 28.08.2025	PL
Medverknadsaktivitetar: • Eldreråd • Ungdomsråd • Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne • Kommunestyre	Oktober - desember 2025	Presentasjon av: • Plansystem • Nye regionale og nasjonale føringar	PL
Arbeidsverkstad styringsgruppa	Januar 2026	Innspel frå medverknadsaktivitetane	PA
Utarbeiding av forslag til revidert samfunnplan	Januar-februar- 2026	Prosjektgruppa	PL
Offentleg ettersyn	Februar–mars 2026	Vedtak i FSK	PL
Utarbeiding av endeleg planforslag	Mars – april 2026	Prosjektgruppa	PL
Vedtak av plan	Mai – juni 2026	Vedtak i FSK Vedtak i KST	PA

Det vart gjennomført omfattande medverknadsarbeid i samband med utarbeiding av samfunnsplanen frå 2021. Tilsvarande i samband utarbeiding av Temaplan barn og unge og Leve heile Livet. Det vert og gjennomført årlege møte med lag og organisasjonar med utgangspunkt i dei overordna planane.

Medverknadsprosessen for rullering av samfunnsdelen vil følgje dei formelle krava om informasjon etter plan- og bygningslov, men skal ikkje gjennomførast meir omfattande enn naudsynt sidan det alt føreligg eit omfattande kunnskapsgrunnlag som baserer seg på omfattande medverknad.

6. Behov for utgreiing

Dagens samfunnsplan er relativt ny og hovudutfordringane for Bremanger-samfunnet er dei same – folketalsutvikling og demografi. Vi har eit omfattande kunnskapsgrunnlag som er henta inn dei siste åra. Ein finn såleis ikkje behov for nye utgreiingar i samband med rullering av planen, men ein må vurdere kommunen sin status i høve nye nasjonale og regionale forventningar i høve utforming av arealstrategiane.